

Saksbehandlar: Ina Therese Sørfonden, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 13/6795-54

Utpeiking av ny fylkeskommunal representant til styret i Fjord1 AS

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet peikar ut følgjande person som ny fylkeskommunal representant i styret i Fjord1 AS for den resterande perioden av valperioden 2011-2015:

Styremedlem:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Styret i Fjord 1 AS er i dag samansett av følgjande personar: Reidar Sandal (leiar), Vegard Sævik (nestleiar), Heidi Kathrin Osland, Eva von Hirsch, Nils R. Sandal, samt dei tilsette sine representantar. Per Sævik er observatør ihht gjeldande aksjonæravtale. Lars Pamer (Havilafjord) har nyleg trekt seg frå styret

Ingen i styret var på val i 2013.

Selskapet sitt styre skal bestå av 8 medlemmer. Bedriftsforsamlinga er avvikla. F1 Holding AS er formelt sett eigar av våre aksjar i Fjord1 AS, men det er likevel føresett at fylkeskommunen peikar ut 4 medlemmar til styret, inkludert styreleiar.

Representantar utpeikt av fylkeskommunen/F1 Holding AS er Reidar Sandal, Nils R. Sandal, Heidi Kathrin Osland og Eva von Hirsch, sjå fylkesutvalssak 56/12. Von Hirsch vart peikt ut som styremedlem av fylkesutvalet i sak 96/12.

Varamedlemmer i rekkje peikt ut i fylkesutvalssak 56/12:

1. Arve Helle
2. Jan Herstad
3. Klaus Iversen
4. Bjørn Hollevik.

Valperioden er formelt sett to år, men likevel slik at det så langt har vore underforstått at valperioden er 4 år og såleis i det vesentlege samanfallande med den fylkeskommunale valperioden.

Eva von Hirsch ynskjer å tre ut av styret og har bede om at fylkeskommunen peiker ut ein person som kan avløyse ho som fylkeskommunal representant i styret.

2. Vurderingar og konsekvensar

Delegeringsreglementet

Det følgjer av fylkeskommunen sitt delegeringsreglement punkt 4.1 at:

«Fylkeskommunen sitt mynde til å nemne opp representantar til styre, årsmøte m.v. i selskap, stiftingar, statlege organ o.l. er delegert til det hovudutvalet som organet naturleg høyrer under. Myndet ligg elles til fylkesutvalet.»

Val av styre i aksjeselskap – aksjelova sine reglar

Det følgjer av aksjeselskapslova (asl.) § 6-3 at styret i eit aksjeselskap blir valt av generalforsamlinga.

Etter asl. § 6-6 har ein styremedlem ei tenestetid på to år. Vedtektene til selskapet kan sette tenestetida kortare eller lenger, men ikkje meir enn 4 år. Vedtektene til Fjord1 AS seier ikkje noko om styremedlemmane si tenestetid. Som utgangspunkt gjeld då lova sine reglar. Det betyr at styremedlemmane si tenestetid er over ved avslutninga av den ordinære generalforsamlinga i 2014, jf. asl. § 6-6 andre avsnitt.

Det har likevel vore fylkesutvalet sin intensjon at dei utpeikte representantane skal sitte som styremedlemmar ut valperioden, dvs. ut hausten 2015.

Ein styremedlem har rett til å tre tilbake før tenestetida er ute dersom særlege grunnar ligg føre, jf. asl. § 6-7. Denne regelen er det ikkje naudsynt å nytte, då Eva von Hirsch formelt er valt for to år og hennar tenestetid er over ved generalforsamlinga i mai 2014, jf. asl. § 6-6. Det vesentlege i denne samanhengen er likevel at vedkomande representant har bedt om å få avløyning.

Eigarmelding 2013 – eigenskapar og kompetanse hjå fylkeskommunale styremedlemmar

Det har vore praksis at fylkestingsmedlemmer vert peikt ut som kandidatar til styreverv i fylkeskommunalt eigde selskap. Fylkestinget er samtidig oppteken av å medverke til at styret som kollegium skal representere god nok breidde og relevant kompetanse. I nokre tilfelle kan det difor vere aktuelt å velje styremedlemmar utan fylkeskommunal forankring.

I Eigarmeldinga 2013 går det fram av punkt 2.3.1 kva eigenskapar og kompetanse fylkestinget ynskjer at fylkeskommunale styrerepresentantar skal ha. Her heiter det:

«Fylkestinget meiner at dei som sit i dei ulike styra må ha eigenskapar og kompetanse til å styre selskapet på ein god måte som samstundes er i samsvar med selskapet sin strategi og handlingsplan.

Rolla som styremedlem er forskjellig frå rolla som folkevald sidan styrevervet er eit frivillig, personleg verv, styremedlemmen representerer berre seg sjølv og ikkje eigarane. Han eller ho skal ivareta selskapet sine interesser til beste for alle eigarane. Det er den enkelte styremedlem sitt ansvar å drive godt styrearbeid, og dette er ikkje ut frå funksjonen som folkevald, men som den personleg ansvarlege personen som styremedlemmen er.»

Kjønnsrepresentasjon i styre

Stortinget vedtok våren 2009 krav om representasjon av begge kjønn i styra i kommunalt kontrollerte aksjeselskap. Kravet er lovfesta i kommunelova § 80 a som syner til aksjelova § 20-6 som regulerer kjønnsbalansen i statsaksjeselskap. For at eit selskap skal kunne reknast for å vere kommunalt kontrollerte aksjeselskap må kommunar og fylkeskommunar til saman eige minst to tredeler av aksjane i selskapet.

I dette tilfellet eig fylkeskommunen 59 % av aksjane i selskapet. Dette medfører at krava til kjønnsrepresentasjon i styret ikkje gjeld for dette selskapet.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å peike ut ein ny fylkeskommunal representant til styret i Fjord1 AS.